



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Måndag 11. september 2023

Stad: Telefonmøte

Desse møtte: Johnny Vikne, Jan Asbjørn Utne, Jarle Rasmussen, Hildegunn Espe

Forfall: Synnøva Sæbø

Publisert: 12.9.2023

Saker til styremøtet:

UFS 18/23: Endring av fredingssoner i reinsjakta 2023 frå og med 12. september

Johnny Vikne /s/

Jan Asbjørn Utne /s/

Hildegunn Espe /s/

Jarle Rasmussen /s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer
Varamedlemmer
Fjellstyra på Hardangervidda as
Norges Fjellstyresamband
Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog
Ullensvang kommune
Hardanger Folkeblad



UFS 18/23: Endring av fredingssoner i reinsjakta 2023 frå og med 12. september

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Jamfør vedtak om fredingssoner i reinsjakta på Ullensvang statsallmenning i møte i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 19. mars 2018 i sak FUS 18/18, kan fjellstyret oppheve fredingssonene mot slutten av jakta når det står dyr i vest.

I sak UFS 32/20 i Ullensvang fjellstyre 5. mai 2020 blei det gjort ei endring av fredingssone nord som innebar at «trekanten» frå hansbulægret til Rekkjingeskar og vidare langs fylkesgrensa til punktet der Blånutbekken kryssar grensa blei lagt til fredingssone nord. Det blei samtidig vedteke at denne delen av fredingssone nord skal gjelde heile jakta, uavhengig av vedtak om oppheving av andre fredingssoner mot slutten av jakta.

Situasjonen 11. september er at dei fleste merka dyra er aust for fylkesgrensa, men eit par dyr sender frå Ullensvang statsallmenning.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

Referat:

Vedtak (sak UFS 18/23):

Fredingssone sør blir oppheva frå og med 12. september og ut jakta 2023.

Fredingssone nord blir oppheva frå og med 12. september og ut jakta 2023, med unntak av «trekanten» frå hansbulægret til Rekkjingeskar og vidare langs fylkesgrensa til punktet der Blånutbekken kryssar grensa, og tilbake til hansbulægret. Dette området er framleis freda for all jakt.

Området vist på kartet under er freda for jakt frå og med 12. september og ut jakta 2023.

Vedtaket er gjort med heimel i vedtak i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning i sak FUS 18/18 og vedtak i Ullensvang fjellstyre i sak UFS 32/20.

Samrøystes vedteke.

Fredingssone Ullensvang statsallmenning frå og med 12. september og ut jakta.
Dei andre fredingssoneane på Ullensvang statsallmenning er oppheva
frå og med 12. september og ut jakta.

